



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Kari Beate Mostad, 5557 2153

Vår dato  
20.10.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/1176 451.0  
Dykkar referanse

Krossøy villsaulag  
v/ Mikal Martin Krossøy  
Krossøyvegen 488  
5943 AUSTRHEIM

### Takk for samarbeidet - kulturlandskapsprisen 2016

Kulturlandskapsgruppa v/Fylkesmannens Landbruksavdeling ønskjer å takke for deltakinga som kandidat til Kulturlandskapsprisen i 2016, og for at de tok så godt imot oss ved synfaring på Krossøy i sommar. Alle dei fire kandidatane som vart synfare var framifrå kandidatar, og det var ei vanskeleg avgjerd for juryen.

Fylkesordførar Anne Gine Hestetun vil fredag 21.oktober overrekke Kulturlandskapsprisen 2016 på kr 50 000,- til Kjerrgarden Grunneigarlag v/ Arne Kjærgård.

Grunngjevinga frå juryen for tildeling av prisen til Kjerrgarden var: Kjerrgarden har eit heilskapleg kulturlandskap som er halde i hevd og godt synleg frå fylkesvegen som går igjennom grenda. Dei mange snorrette, godt velhalde steingardane set sitt preg på landskapet. I tillegg til steingardane har området mange andre kulturminneelement; jordkjellar, bakkemurar, steinsett bekk, restaurert hestestall med villhelletak, gamle våningshus og uthus og opparbeidde stiar og vegar. Heile området er viktig for tildelinga. Samtidig legg juryen avgjerande vekt på innsatsen til Arne Kjærgård, som er den einaste aktive bonden i området og hans gard som tydeleg utmerkar seg som i særleg god stand. Juryen vel likevel å gje prisen til grunneigarlaget, som er foreslått frå Askøy kommune, då dei som fellesskap arbeider for å ivareta kulturlandskapet. Grunneigarlaget samarbeider om vedlikehald av landbruksveger og forvaltning av hjortevalet og er viktig for å samhaldet i grenda – til beste for kulturlandskapet. Området ligg i kjerneområde for landbruk på Askøy. Kulturlandskapsgruppa meiner dei gjennom arbeidet sitt tek vare på kulturlandskapet og jordbruket i dette området i Askøy kommune, kor landbruket er under stort press.

Vi ønsker lykke til vidare i det gode arbeidet de legg ned på Krossøy!

Med helsing

Kari Beate Mostad  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Radøy kommune Radøyvegen 1690 5936 Manger